



Å VANDRE MED HÅP 23-27.08.10

Måtte vegen stige opp
For å møte deg
Måtte vinden alltid vera deg i ryggen
Måtte sola skine varmt
På ditt andlet
La regnet falle mjukt på
Dine åkraOg til me møtast att
Må Gud halde deg i si hand.
(Keltisk velsigning)

Måndag 23 august 2009. Grunge kyrkje- Edland

Klokka 15 samla ein gjeng seg ved Grunge kyrkje for å byrje på pilegrimsvandring til Røldal. Lys blei tente for ei god vandring og etter ei god diakonal suppe laga av Kari Bjåen og Aasne Djuve Edland frå Diakoniutvalet, kunne håpsvandringa byrje kl.16.0. I tillegg til åtte brukarar, (heretter vert alle kalla pilegrimar), deltok: Kjentmann Ragnvald Christenson, leiar i styret for Pilegrimsvegen til Røldal Frå Vinje Britt Dalen. Frå Nissedal Karin Kåsa. Frå Seljord Magnus Rinde og Ellen Iris Lindvåg frå Tokke. Bakgrunnen for pilegrimsvandringa til Røldal, er

historia om det sveittande krusifikset. Fekk ein denne sveitten på seg kunne ein bli frisk. Kjentmann Ragnvald og fortalte om plassar og hendingar. Alt i alt sytten pilegrimar gjekk den fyrste dagen.K.18.12 kom me til Velemoen Camping. Grei og god innlosjering hjå Vibeke Christenson. Dette er den tredje gongen psykisk helse, Vi-To Kompetanse på Dalen og Dps i Seljord og Prostidiakonen samarbeider om ei vandring over Haukelifjell til Røldal. Røynslene frå dei førre åra er så gode, så det var lett å få til ny vandring. Vinje hadde ingen brukarar som gjekk heile vegen, men tok ansvaret for middagslaginga. Takka vera pengar frå Folkehelseprogrammet og ein viss eigendel, billig overnatting og bruk av privatbilar, let vandringa seg gjennomføre utan alt for store kostnader for samarbeidspartane. Statistikk: 15 pilegrimar og fem km.



Vandringsmeditasjon

"Førre års pilegrimsvandring har skine som eit lite lys i meg gjennom vinteren.(Ein tidlegare pilegrim til Røldal)

Bein og gå på

Du spør meg kanskje om det er vondt eller godt å vera menneske? Veit du kva eg svarar da! Eg svarar ja.
(Olav Duun 1879-1939)

"Ein skal ikkje vandre for å tekkjast Gud. Det er Gud som

kjem til oss gjennom vandringa. " seier Martin Luther, mannen bak kyrkjereformasjonen i 1537 og dermed gjorde ende pilegrimsvandringane. Men ikkje i Røldal. Her heldt tradisjonen seg heilt til 1835. Og no er tradisjon vekt til live att.



På årets siste dag fekk eg ein telefon. Han var frå ei dame som vandra pilegrim til Røldal i sommar. Ho vil berre takke for vandring og fellesskap. Og så måtte ho få sagt, at bøna ho bad i Røldalskyrkja heldt framleis. Den ho bad om at angsten måtte bli att i Røldal.

Ein kan lett tenke at pilegrimsvandringar er noko høgtideleg og særst religiøst, ein konstant meditasjons rus? Ei tid for dei store tankar? Men det er heller dei nære og små tankane som kjem fram hjå meg. Eg er ikkje aleine på vegen. Fellesskapen er viktig. Eit fellesskap som dogg og regn frå himmelen.

Mitt hjarta hev vori i livsens strid,
og mangt eit sår hev det fengi;
det låg sjukt og sårt i så mang ei rid,
men endå hev det til denne tid
frå leiken med livet gjengi.

Men ær på ær etter sår på sår
der er på kvar einast` sida,
og opp dei brjotar kvar einast' vår
når lauvet spretter og isen går
og gauken gjeler i lia.

Men blommar blømer i desse ær,
og blømande blom er tåret.
Det såleis også med jordi er:
når regn og dogg ho frå himlen fær,
så veksa blommar i såret.
(Åsmund O. Vinje)



Tysdag 24 august 2010. Edland- Vågsli

”For ein som har ein liten sjølvskadar i seg, er det berre godt at det gjer litt vondt i skrotten.(Høyrte undervegs)

Asfaltvandring frå Velemoen Camping til Edland Skule. Medan nokon køyrde ut bilar : Nokre på Fjellstad og Britt sin på Raftarmoen. Ein triveleg frukosten åt me hjå sjette klasse på Edland skule. Med rektor Anne Margrethe Bjåen som vertskap. Klasse var med oss Gunvaldjord. Frå skulen starta me kl.9.55 med den gode kjentmann Tjøstolv Kvålen. I skodde og regnvêr tusla folk på. Frå Ålmannavegen gjekk med grusvegen heilt fram til Gugardstøylen og så stigen over til Raftarmoen. Her gjekk slutta tre stykk vandringa for dagen, medan dei andre fylgde stigane mot Botn og anleggsvegen ved Vågslivatnet. Dei fleste var framme på Fjellstad kring kl.17.Været var ufyseleg, men stemninga nydeleg.Her svinga Astri og ein god hjelpar svinga opp med lapskaus. På kvelden kom Randi Momrak med fire nye vandrar frå Fyresdal.

Statistikk: 30 pilegrimar og 18 km.

En kan bare se riktig med hjertet. Det vesentlige er usynelig for øyet.” (Frå Den Lille prinsen av de St. Exupery)



Ein heim i di kyrkje på jord

” For meg er kyrkja ein heim, ” sa Kronprinsesse Mette – Marit i eit intervju for nokre veker sidan. Ho sat i i Nidarosdomen og snakke om trua etter veit par dagar på pilegrimsvegen til Trondheim. Med eitt kjem eg i hug mitt møte med dei kongelege. Eitt pinsame augneblikk. Eg leia ei markering av Verdsdagen for psykisk helse i Treungen. Kronprins Haakon og kronprinsesse Mette-Marit var komne til Treungen for markere dagen. Han gjekk slett ikkje verst og eg gjort ein grei innsats. Det var berre det at eg var ute av kontroll i eit minutt. Hadde gløymt dei rette tiltaleformene. Prøva meg med vasute titlar. Det var så eg ønskte at scenegolvnet hadde opna seg. Med HKH Mette Marit takka meg varmt etterpå. Titlar og anna var ikkje viktig. Skilnader var viska ut. Tittelen for alle var Menneske. Slik det er under Guds høge himmel på pilegrimsvandring.

Når mine tankar æ tonge og bera, då knugar eg nesten på kne,
når min lengsel etter frihet bli for stor.

Og ikkje veit kva eg skal gjera, det æ vanskleg og finne fred,
alt du høyrer om æ elendighet på vår jord.

Då reiser eg ut i naturen, kanskje upp på fjellet det blå,
der vandrar eg utan mål ivi steinar og lyng.

Finn meg ei lageleg lygne, kokar kaffe, tek genseren på,
sit og drøymer, og då høyrer eg fjellet syng.

Eg ser deg vesle menneskje, eg ser kva du er verd,
ingeting kan du gøyme vekk for meg.

Eg ser deg vesle menneskje, eg æ med deg på di ferd,
og du finn meg over alt, kor hen du dreg.

(E-76/Edvin Loftsgarden)



” Slit ein med sosial angst, er det spennande å vera omgjeven å så mykje folk heile døgnet.(Høyrte undervegs.)

Onsdag 26.08.10 Vågsli- Ulvå

Frå Seljord kom Dagposten og nokre frå avdillingane ved DPS . Ein heil buss med derifrå. Me køyrde opp til Havradalsvegen. Starta derifrå kl.10.20 Tjøstolv Kvålen var kjentmann nok ein gong. Elles var seks av vest-telemark prestane med på vandringa denne dagen. Framme ved Ulvåa kl.17.30. Men elles var vandring litt ekstra slitsam for somme. Nokre fekk angstanfall og andre vart



heilt fysisk tome. Då er det velsigna godt å ha Tjøstolv som kjentmann. Han ser når folk treng pausar, han har mykje å fortelje og er interessert i folk. Ein god mann å gå med. Lapskausen smaka veldig godt på Fjellstad om ettermiddagen. Takk til Britt Svalastog og Selim.

Statistikk: 45 pilegrimar og 14 km.

Vandringsmeditasjon.

Eg lyfter min augo til fjell
Kvar kjem mi hjelp ifrå?
(Frå Salme 121)

Å vera avhengig

Den danske teologen og filosofen Løgstrup seier at me ikkje kan vera menneske utan å vere avhengig. På vandringa heng med saman. Me er ei gruppe, tenkjer kollektiv og kjenner at det er godt. Som ein stor speidartropp på vandring. Og eg tek meg sjølv i å nynne ein gamal speidarsong eg ikkje kan. Som nybakt far tenkte eg at det var viktig å synge for jentene. Aftanbøn og gamle salmar. Heilt til ei av dei meinte at eg ikkje måtte bråke når ho skulle sove. Men inni i meg på høgfjellet -syng eg ein speidarsongen som like gjerne er ein pilegrimsong.

I den mørke kveld, lyser bålets glør,
på en gammel vei, vi har vandret før.
På en gammel vei, med så mange spor,
mot det fjerne land, hvor vår lengsel bor.
Mot den fjerne kyst, der det tause savn,
i mitt eget bryst, finner fredens havn.
Ved et gammelt kors, der all synd og skam,
i et fattig liv, slettes ut av Ham.
I den mørke kveld, lyser bålets glør,
på en gammel vei, vi har vandret før.
(Anne Mari Brodal)



Torsdag 26 august 2010. Ulvå- Midtlæger.

Start frå Ulvåa kl.9.30. Flott vær med eit lite haustdrag i lufta. På morgonen kom det ein del dagsvandrar .Leiaren for Vi-To Dalen Åsmund A. Myrstad gjekk med oss heile dagen. Elles kom fem frå avdelinga for Psykisk Helse i Tokke med Elin Erikstein i spissen.Ho og ein brukar vart med heilt til Røldal dagen etter. Den gamle kjentmann Svein Gjörv overraska oss med buljongsuppe på Dyrskarhytta.(Om lag kl.13.15) Her var det også samla tre som gjekk litt kortare den dagen. Me avslutta dagen på Midtlæger ved 16-tida. Til middag var det Vesaas-kurv (les: pølse) og rome-graut. Astri og med bror Arne stod for den middagen. Snille Olav Groven kom med molter til dessert denne dagen.

Statistikk: 33 pilegrimar og 15 km.

” For meg er denne vandringa Det Gode Liv.” (Høyrte undervegs)

Ein tvil bak øyra

Vandringa gjev høve til mange tankar. Tenker på ei jente eg kjenner. Ho har så mykje smerte inni seg, at ho må kutte og brenne seg. Rett som det er gjer ho små sjølv-mord. Skjer seg opp på armane, og legg hendene på kokeplata. Denne smerta er rein avlastning for

skamma det er ved å vera menneske. Ingen undertrykkjande religion har gjeve henne denne kjensla. Men likevel skamfull. Skamfull over ikkje å halde mål, ikkje passe inn, ikkje vera god nok.

Sjølv kunne eg vel mang ein gong tenkt å kvitte meg med Gud. Tvilen har vore min sterke og trufaste følgjesvenn gjennom livet. Tvilen kan sende meg inn i fortvilning og nederlag. Han kan gjere meg lei og trist. Og suge all kraft ut av trua mi. Men somtid er tvilen ein ven. Ein ven som tek tak i mine fromme forklåringar og falske fraser. Slik kan og tvilen kan gjeva meg ærlege møte med Gud. Men tvilen må ikkje bli for stor heller. Då forsvinn Han eg trur på framom augo mine, og eg risikerer nærsynt blick på meg sjølv. Det vert eg i alle fall ikkje oppbygd av.

Og hva er tro? Nesten det samme som håp. Men hvis du tror for sterkt, da blir du fanatiker. Det er ikke bra. Derfor har vi tvilen også. Uten tvilen ville vi fremdeles befunnet oss i steinalderen. Men du skal ikke tvile for mye heller. Du skal bare ha en liten takluke for tvil. Det tror jeg er meningen. En liten tvil bak øret. (Rolf Jacobsen)



Fredag 27 august 2010 Svandalsflona- Røldal

- For meg som helseminister har dette vore svært interessant og lærerikt. Eg har fått vandre saman med menneske med andre røynsler ; ufør, menneske utan jobb, menneske som slit med psykisk sjukdom og plager. Her er vi alle på same vandring.(Anne-Grete Strøm Erichsen til Vårt Land 28.08.10)

Kom til Svandalsflona litt før kl.9.30. Kvelden før var det køyrt to bilar ned til Røldal. Presis kl. 9.30 kom helseminister Anne-Grete Strøm-Erichsen, politisk sekretær Tord Dale, pressesjef Ingrid Vigerust og sjåfør Jørgen. Elles var Yngve Holmern frå Fylkeslegen i Telemark med, klinikksjef Ole Bjørn Kolbjørnsrud og styreleiar i Helse Fonna Toralv Mikkelsen med. Leiar i Pilegrimsvegen til Røldal Ragnvald Christenson representerte dei som ryddar og ordnar vegane, og kjentmann for dagen var Svein Gjørsv. Telemarksavisa møtte opp i Austmannali, medan Vårt Land og Østafjells snakka med helseministeren på telefon. Hadde ei god pause ved Bruhølen. Vart overraska ved at Gunnar Øverland, Oscar J. Garnes og Gerd D. Svalstog hadde koka bålkaffi og førebudd songar nede ved elva. Dagsenteret frå Seljord dukka opp med bollar, eple og eplemost. Frå Dagsenteret i Vinje helsa Britt Nomeland ministeren med eit sjølvskrive dikt. Hardanger Folkeblad kom imot oss under dei verte regnbyene Krossmannali. Framme ved kyrkja kl.15.37. Her leia diakonen deltakarane i feil retning kring kyrkja. Pilegrimsprest Arne Nataas ønskte velkomen til Røldal og Margit Gjørsv las eit Zinken Hopp-dikt om Haukelivegen. Elles delte Lars Geving frå Seljord eit sjølvskrive dikt og overrekte ein engel til ministeren. Ole Bjørn Kolbjørnsrud sendt oss ut med ei kveldsalm fra Heddal. Femtitte til middag på Skysstasjonen. Pilegrimspresten i Røldal overrekte kvar og ein ei bok om kyrkja, og stempla pilegrimspass for dei som hadde slike.

Statistikk: 33 pilegrimar og 13 km.

Vandringsmeditajon

I kyrkja til Røldal eit bilete hekk
so mang ein sæling til frelse,
for sjuk og saare til dette gjekk
og fingo atter si helse.



(Åsmund Olavsson Vinje i Storegut,1866)

Vart du frisk?

Vart du frisk ved krusifikset, vart eg spurt etter ei pilegrimsvandring til Røldal. Mumla vel eitt er anna svar, men kunne ha sagt tydeleg at eg kjende meg betre etterpå. For meg handlar ei pilegrimsvandring om at eg får regn og dogg frå himmelen, og kjem heim som eit velsigna menneske. Og ofte har krusifikset minna meg om ein gamal Kristus-figur i St. Martin-katedralen i Guatemala. Eg var med på ein studietur med Kirkens Nødhjelp til landet. Kyrkja i byen var under restaurering etter å ha blitt skadd i den 36-år lange borgarkrigen. (1960-96) Det var ein spesielt grusom krig. Motstandarar av regimet var lempa opp i store nett, lyft opp av helikopter og sleppte ned i varme vulkanar .

Menneske vart torturet og vansira som Kristus-figuren i St. Martin katedralen . Kyrkja var øydelagt under krige, og Kristus vart kulemerkt på brystet, og armane var skotne av. Ein hjelpelaus og lidande Kristus? Framom krusifikset i Røldal kan eg legge frå meg alle bærer. Men samstundes kjem eg ikkje tomhendt frå møte med den krossfeste. Mi oppgåve no er å vera Jesu øydelagde armar. Den gode Gud har gjort seg avhengig av oss menneske til verkeleggjere det gode i verda. Men ikkje åleine.

En tåre renner fra ikonet
en mager mann med tornekrone
griper ser jeg ned
min tro mitt håp min fred
jeg ser hva jeg har gjort
og legger kronen bort
straffen lå på deg
skammen bærer jeg

Et ord, en mann, et speil, en gåte
forundret ser jeg speilet gråte
så lite tro jeg har
jeg overhører svar
jeg trodde det var meg
som skulle redde deg
skamfull ser jeg ned
det var du som led



En mager mann som stille lider
evig Gud til alle tider
i himmel og på jord
min frelser og min bror
jeg ser hva du har gjort
og legger kronen bort
straffen lå på deg
nåden bærer meg
(Bjørn Eidsvåg)

Prostidiakon Eilev Erikstein
Prosjektleder for ” Å vandre med håp 2010”

91113580
www.prostidiakon.no
eilever@online.no

Oppsummering:

1. Fleire som var med peikar på at skiljer vert viska ut under vandring; Skilje mellom frisk—sjukt, sterk- svakt, pleiar-brukar. God kjensle av å vera eit kollektiv. Åtte brukar gjekk heile vegen.
2. Utviklar eit godt samarbeidsklima i Vest-Telemark mellom diakoni og psykiatri, mellom 1. og 2. line tenesta og mellom dei ulike kommunepsykiatritenestene.
3. Positivt med dagsvandrarar. Samla tal deltakar på vandringa var sytti. Fleire dagsenter fortel om gode samtaler kring prosjektet. Somme seier dei vil gå til neste år. Tanken er også at dette ikkje skal vera eit tydeleg psykiatriprosjekt, difor var sjetten klasse frå Edland og prestar med. Og somme andre lokale ressursar.(Prestane i Vest-Telemark og nokre som elles er kjentmenn på andre etappar)
4. Lite byråkratisk. Nyttar lite tid på planlegging. Tek utfordringar på sparket. Utviklar evne til å improvisere i god pilegrimsånd.

Eller som ein av deltakarane sa til Telemarksavisa: ” - **Det er helse i kvart steg. Det er godt å kjenne at kroppen fungerer. Ein tenkjer ikkje på det som er sårt og vondt. Bare det gode ."**